

## PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FONNA HF

**STAD:** Stord sjukehus, møterom BUP

**MØTETIDSPUNKT:** 28.10.2022 kl. 09.00 – kl. 11.50

---

### DELTAKARAR FRÅ STYRET

Petter Steen jr.	Styreleiar
Helga Arianson	Styremedlem
Heiko Bratke	Styremedlem
Nina Budal	Styremedlem
Anne Sissel Faugstad	Styremedlem
Kjersti Follesø	Styremedlem
Laura Lill Haavik	Styremedlem
Per Karlsen	Styremedlem
Åse-Berit Apeland Rolland, Teams	Styremedlem
Ingvill Skogseth	Styremedlem

### DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Olav Klausen	Administrerende direktør
Aud Gunn Løklingholm	Administrasjonssjef
Magne Kydland	Kommunikasjonssjef
Hilde Sørhus Kalvenes	Administrasjonssekretær
Hege Etterlid	Økonomi- og finansdirektør
Laila M. R. Nemeth	Prosjektdirektør
Helga Stautland Onarheim	HR-direktør

Leiar i brukarutvalet Helse Fonna HF, Grete Müller, deltok

### Forfall frå styremøte:

Brian Bjordal

**SAKLISTE**

Sak 66/22	Godkjenning av innkalling og dagsorden
Sak 67/22	Protokoll frå styremøte 29.09.22
Sak 69/22	Rapport frå verksemda
Sak 70/22	Revidert økonomisk langtidsplan 2023 - 2027 med investeringsbudsjett
Sak 71/22	Oppnemning av Valstyre i Helse Fonna HF
Sak 72/22	Innspel til internrevisjon i Helse Vest
Sak 75/22	Forprosjektrapport

**UNDERLAG**

Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt

**Lukka møte, jf. Helseføretakslova § 26 a, 2. ledd punkt 4**

Sak 76/22	Bygg Haugesund månadsrapport september	Utsendt
-----------	--	---------

**Saker til orientering**

Sak 68/22	Administrerende direktør si orientering	Vedlagt
Sak 73/22	Sjukefråvær	Vedlagt
Sak 74/22	Evaluering av ferieavvikling 2022	Vedlagt
Sak 77/22	Eventuelt Skriv og meldingar	Vedlagt

## **Sak 66/22 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

### **Vedtak [samrøystes]**

Innkalling og dagsorden vart godkjent

## **Sak 67/22 Godkjenning av protokoll frå styremøte 29.09.22**

### **Vedtak [samrøystes]**

Styret godkjenner protokoll frå styremøte 29.09.22

## **Sak 68/22 Administrerande direktør si orientering**

### **1 Tilsyn**

Vedlagt

### **2 Høyringar**

Vedlagt

### **3 Sal av eigedom**

Styret gjorde vedtak om å unnta punktet frå offentlegheit j. fr. Helseføretakslova § 26a. pkt. 2

Administrerande direktør gjorde greie for vurderingane som er gjort internt i organisasjonen og av engasjert eigedomsmeklar av «sjukehusblokkene» i Vinjesgate 12 og 14. Administrerande direktør tilrådde i møtet at sal av sjukehusblokkene i Haugesund blir utsett inntil vidare. Han sa at han ville vurdere sal av andre objekt i føretaket, og informere styret om vurderingane.

### **4 Øyeblikkeleg hjelp kirurgi**

Administrerande direktør orienterte om organisering av øyeblikkeleg hjelp kirurgi om sommaren i Haugesund. Det har i mange år vore to operasjonsteam ved Haugesund sjukehus om somrane. Spesielt i dei to siste åra har det vore samtidighetskonfliktar som har gitt for lang ventetid for enkelte operasjonar. Det er under vurdering korleis ein kan auke til tre team om sommaren. Det vert òg arbeidd med korleis ein kan få på plass eit ekstra operasjonsteam resten av året. Dette må avklarast i budsjettsamanheng. Styret får informasjon om arbeidet i rapport frå verksemda.

### **5 Internasjonal pris til barnediabetesteamet i Helse Fonna**

Kommunikasjonssjef Magne Kydland orienterte styret om pris frå verdas internasjonale barnediabetesregister (SWEET) til barnediabetesteamet i Helse Fonna. Prisen er gitt for forbetningsarbeid i behandlingsprogrammet for barn og ungdom med diabetes.

## **6 Helsetilsynet sitt tilsyn med IKT-system med legemiddelinformasjon**

Administrerende direktør orienterte om rapport etter Helsetilsynet sitt tilsyn med IKT-system med legemiddelinformasjon og arbeidet som er gjort.

### **Vedtak [samrøystes]**

Styret i Helse Fonna tar meldingane til orientering og rår ikkje til å gå vidare med vurdering av sal av Vinjesgate 12 – 14 no.

### **Sak 69/22 Rapport frå verksemda**

Administrerende direktør presenterte innleiingsvis reduserte fristbrot ved BUP.

Presentasjon av saka ved økonomi- og finansdirektør Hege Etterlid.

### **Nye framlegg:**

1. styret ser det som svært positivt at månadsrapporten for september syner ei positiv utvikling både når det gjeld økonomi og ventetider
2. Styret ser det som svært viktig med framleis sterkt fokus på tiltak for å betra økonomisk utvikling og redusera ventetider for å få ei drift i balanse

### **Vedtak [samrøystes]**

1. Styret ser det som svært positivt at månadsrapporten for september syner ei positiv utvikling både når det gjeld økonomi og ventetider
2. Styret ser det som svært viktig med framleis sterkt fokus på tiltak for å betra økonomisk utvikling og redusera ventetider for å få ei drift i balanse
3. Styret i Helse Fonna HF tar elles rapport frå verksemda til etterretning

### **Sak 70/22 Revidert økonomisk langtidsplan 2023 – 2027 med investeringsbudsjett**

Presentasjon av saka ved økonomi- og finansdirektør Hege Etterlid

### **Nye framlegg:**

Styret i Helse Fonna HF vedtek revidert økonomisk langtidsplan 2023-2027 med investeringsbudsjett og har merka seg desse elementa:

- Konsekvensane blir mellom anna at ferdigstillinga av byggetrinn 2 ved Haugesund sjukehus og tryggleiksavdeling ved Valen sjukehus blir utsette med eitt år, samt at avsetjing til medisinsk teknisk utstyr og andre bygningsmessige investeringar både blir halverte.
- Økonomisk langtidsplan 2023 – 2027 vil bli påverka av dei endelege løyvingane over statsbudsjettet. Investeringsbeslutningar må byggja på vedtekne årsbudsjett.

### **Vedtak [samrøystes]**

Styret i Helse Fonna HF vedtek revidert økonomisk langtidsplan 2023-2027 med investeringsbudsjett og har merka seg desse elementa:

- Konsekvensane blir mellom anna at ferdigstillinga av byggetrinn 2 ved Haugesund sjukehus og tryggleiksavdeling ved Valen sjukehus blir utsette med eitt år, samt at avsetjing til medisinsk teknisk utstyr og andre bygningsmessige investeringar både blir halverte.
- Økonomisk langtidsplan 2023 – 2027 vil bli påverka av dei endelege løyvingane over statsbudsjettet. Investeringsbeslutningar må byggja på vedtekne årsbudsjett.

### **Sak 71/22 Oppnemning av Valstyre i Helse Fonna HF**

#### **Vedtak [samrøystes]**

Valstyret for Helse Fonna HF, for valet i 2023, skal ha følgjande medlemmar:

- Finn Arve Åsbu avdelingsleiar, Utdanning og kompetanse avdeling, HR - leiar
- Linda Gjelsten, klinikktilitsvalt Fagforbundet - nestleiar
- Velaug Kolbeinsen Frøyland, tillitsvalt NSF

### **Sak 72/22 Innspel til internrevisjon i Helse Vest**

#### **Vedtak [samrøystes]**

Styret i Helse Fonna HF vedtek følgjande innspel til plan for internrevisjon i Helse Vest (2023 – 2024):

Plan for internrevisjon i Helse Vest får følgjande tilleggspunkt:

- Prosess for samhandling knytt til utskrivingsklare pasientar

### **Sak 73/22 Sjukefråvær**

#### **Vedtak [samrøystes]**

Styret i Helse Fonna HF tar saka til orientering og ber administrerande direktør fortsette arbeidet med å redusere sjukefråværet

### **Sak 74/22 Evaluering av ferieavvikling 2022**

#### **Vedtak [samrøystes]**

Styret i Helse Fonna HF tar saka om evaluering av ferieavvikling 2022 til orientering, og ber administrerande direktør ta med erfaringane i planlegginga av neste års ferie

### **Sak 75/22 Forprosjektrapport**

Presentasjon i møtet ved prosjektdirektør Laila M. R. Nemeth.

#### **Nye framlegg:**

Nytt punkt fire:

4. Styret forutset at den økonomiske bærekrafta er tilstrekkeleg for å gjennomføra prosjektet på ein forsvarleg måte

#### **Vedtak [samrøystes]**

1. Styret i Helse Fonna HF godkjenner forprosjektet for byggetrinn 2 ved Haugesund sjukehus
2. Styret i Helse Fonna HF ber administrerande direktør sende vedtak og forprosjektrapport med vedlegg til Helse Vest RHF for vidare handsaming
3. Styret i Helse Fonna HF ber administrerande direktør halde styret løypande informert om det vidare arbeidet
4. Styret forutset at den økonomiske bærekrafta er tilstrekkeleg for å gjennomføra prosjektet på ein forsvarleg måte

### **Sak 76/22 Bygg Haugesund månadsrapport september**

#### **Vedtak [samrøystes]**

Styret i Helse Fonna HF tar saka til orientering

### **Sak 77/22 Eventuelt**

#### **Skriv og meldingar**

Administrerande direktør orienterte kort om dei framlagde skriv og meldings sakene

**Vedtak [samrøystes]**

1. Skriv og meldingar blei tatt til orientering

**Eventuelt:**

Referent Aud Gunn Løklingholm, 29.09.2022

---

Petter Steen jr.	Styreleiar
Helga Arianson	Medlem
Heiko Bratke	Medlem
Nina Budal	Medlem
Anne Sissel Faugstad	Medlem
Kjersti Follesø	Medlem
Laura Lill Haavik	Medlem
Per Karlsen	Medlem
Åse-Berit A. Rolland	Medlem
Ingvill Skogseth	Medlem

---

---

---

---